



## SAKSPAPIR

| Saksnr  | Utval                                      | Type | Dato       |
|---------|--|------|------------|
| 82/2019 | Formannskap/plan- og økonomiutvalet        | PS   | 25.11.2019 |
| 12/2019 | Administrasjonsutvalet                     | PS   | 02.12.2019 |
| 28/2019 | Eldrerådet                                 | PS   | 05.12.2019 |
| 05/2019 | Ungdomsrådet                               | PS   | 11.12.2019 |
| 20/2019 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | PS   | 05.12.2019 |
| 93/2019 | Kommunestyret                              | PS   | 16.12.2019 |

| Sakshandsamar  | Arkiv  | ArkivsakID |
|----------------|--------|------------|
| Kenneth Stokke | FE-151 | 18/1034    |

### BUDSJETT 2020 VAKSDAL KOMMUNE

#### Vedlegg:

Rådmann sitt framlegg til budsjett 2020  
Gebyr plan og bygningslova 2020  
Gebyrregulativ for vass- og avlupstenestene i Vaksdal kommune i 2020  
Momentum Budsjettnotat - Vaksdal kommune 2020  
Budsjettforslag 2020 KUV Vaksdal kommune  
SØKNAD OM LØYVINGAR VAKSDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD 2020  
Legevakt Budsjettframlegg 2020

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner årsbudsjett 2020 for Vaksdal kommune slik det ligg føre med spesifikasjon av drifts- og investeringsbudsjett. Rådmannen får fullmakt til å fordele nettoramman innafor tenesteområda, og kan gjere budsjettendringar innafor områda som ein del av den løpande drifta som ikkje er av prinsipiell karakter.
2. Skatt på inntekt og formue vert skriven ut etter dei til kvar tid gjeldande reglar.
3. I medhald av eigedomsskattelova § 2 og §3a vert det skrive ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen i 2020. Alminneleg eigedomsskattesats vert sett til 7 promille i 2020 med unntak av eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar som vert sett til 3,2 promille. For kraftanlegg vert § 8B i eigedomsskattelova lagt til grunn. For eigedom eigd av stiftingar og institusjonar med allmennyttig formål, som er ført opp på eigedomsskattekontoret si liste av 26.02.2010, vert det i medhald av § 7a gjeve fritak for eigedomsskatt. Fritak vert gjeve i 10 år for nye bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære jf §7c. Eigedomsskatten for 2019 forfell til betaling i 4 terminer saman med kommunaleavgifter.
4. Kommunestyret godkjenner ei investeringsramme på kr 144.000.000,-. Rådmann får fullmakt til

å oppta nye lån innafor ei total låneramme på kr 100.110.000,-. I tillegg får rådmann fullmakt til låneopptak i Husbanken av kr 2.000.000,- til vidare utlån av formidlingslån. Alle lån i kommunen sin låneportefølje kan refinansierast i budsjettåret 2020. Rådmannen har i samsvar med finansreglementet fullmakt til å godkjenne moglege refinansiering av låna og lånevilkåra.

5. Rådmann får fullmakt til å redigere, rette feil og innarbeide kommunestyret sine vedtekne framlegg. Ajourført budsjettokument vert lagt fram for Formannskapet.

6. Gebyr og betalingssatsar etter «Vedlegg – betalingssatsar 2020» vert godkjent. Nye betalingssatsar og avgifter vert gjort gjeldande frå 01.01.2020, med mindre lov eller forskrift set andre fristar.

7. Lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming vert vedtatt med heimel i plan- og bygningslova § 33-1, matrikkelova § 32, eigarseksjonslova §§ 7, 14 og 15, ureiningslova § 52a, hamne og farvasslova §§ 6 og 25 samt forvaltningslova § 27a jf forskrift om gebyr for handsaming av konsesjonssaker. Forskrifta ligg som vedlegg til Årsbudsjett 2020 og vert å kunngjere lokalt.

8. Feie- og tilsynsgebyr for 2020 vert fastsett med heimel i lov av 14.juni 2002 nr. 20 om Brannvern, § 28.

9. Vass- og avlaupsgebyr for 2020 vert fastsett med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg (§3), Forskrift om begrensning av forureining (§16) og Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Vaksdal kommune.

10. Slamtømmegebyr for 2020 vert vedteke i medhald av Forureiningslova §26.

11. Fastsetjing av eigenandeler for 2020 for kommunale helse og omsorgstenester i og utanfor institusjon vert fastsett i samsvar med Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester. Rådmannen får fullmakt til å gjera unntak frå satsane når særlege tilhøve gjer seg gjeldande.

## **Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 82/2019**

### **FPØ - Behandling:**

**Hege Eide Vik (SP) la fram endringsforslag frå SP, SV og Høgre:**

***"Eit budsjett for dei yngste og eldste i kommunen vår.***

*Sp, SV og Høgre gjer kva vi lova i valkampen. Helse og omsorg og oppvekst vert prioritert i vårt første fellesforslag. Budsjettforslaget gjeldande helse og omsorg må og sjåast i samanheng med gjennomgangen av organisasjonen og helse og omsorg som er tinga av kommunestyret.*

*Det er likevel funne rom til å styrke budsjettet med 3 millionar kroner, mellom anna til heimetenestene. Kjøkkenmedarbeidar på Vaksdal sjukeheim vert auka tilbake til 100 % stilling og prosjekt for å få ned bruk av private vikarbyrå vert prøvd sommaren 2020*

*For dei yngste ønskjer partia å styrke skulehelsetenesta og lærartettleik. I tillegg vert miljøarbeidar stillinga auka til 100 %*

*Alle arrangement for born og unge 0-18 år slepp frå 2020 å betale husleige i kommunale bygg.*

*Det har dei siste åra vore stort fokus på nybygg i kommunen vår, og dette vil i dei næraste to*

åra fortsette, mellom anna med ny skule på Vaksdal med oppstart juni 2020. Likevel vil ein i sterkare grad snu fokus over på drift og korleis tenestene våre skal bli betre.

Den største utfordringa for Vaksdal kommune i dag er at innbyggjartalet går ned. Utval for bygdeutvikling er tenkt ei viktig rolle i arbeidet med å snu dette. Fokus på tilflytting, næringsutvikling og areal, men og at det skal vere godt og bu i heile kommunen vår.

### Endringsforslag budsjett for Vaksdal kommune 2020

|  |                         |  |
|--|-------------------------|--|
| <b>Inntekter</b>   |                         |  |
| Bruk av disposisjonsfond   | 2,2 mill. kroner        | 1,9 mill. til drift, 0,3 mill. auka rentekostnader investeringar.        |
| Avkastning aksjar/obligasjonar   | 1,0 mill. kroner        |  |
| Driftsfinansierte investeringar/ disposisjonsfond                            | 5,2 mill. kroner        | Reduksjon frå 10,2 mill. til 5,0 mill. kroner                            |
| Reduksjon vikarbyrå  | 0,5 mill. kroner        | Bruk hittil i 2019 3,6 mill. kroner                                      |
| Reduksjon fellesområde økonomi   | 0,4 mill. kroner        |  |
| <b>Samla:</b>  | <b>9,3 mill. kroner</b> |  |
| <b>Utgifter/endra ramme</b>  | <b>Drift</b>            |  |
| Oppvekst   | - 2,2 mill. kroner      | Lønns og prisvekst 2019-2020 på 3.1 % + 0,7 mill. kroner. (Ein stilling) |
| Miljøarbeidar auka stilling (Born og unge)                                   | - 0,3 mill. kroner      | Frå 50 % til 100 % stilling  |
| Helsestasjon   | - 0,7 mill. kroner      | Ny 100 % stilling – styrka skulehelsetenes ta                            |
| NAV  | - 0,2 mill. kroner      | Barnetrygd ikkje del av berekningsgrunnlag sosialhjelp                   |
| <b>Pleie og omsorg</b>   |                         |  |
| Auka ramme, styrka heimeteneste, styrka ergoterapi/rehabilitering.<br>Styrka | - 3 mill. kroner        |  |
| Kjøkkenmedarbeidar Vaksdal sjukeheim   | - 0,3 mill. kroner      | Auke frå 50 % til 100 % stilling frå 01.01.2020                          |
| Bonusordning for alle tilsette i pleie og omsorg,                            | - 0,2 mill. kroner      | Prøveordning 01.06.20 –  |

|  |                           |  |
|--|---------------------------|--|
| prøveordning   |                           | 01.09.20<br>Reduksjon bruk<br>av private<br>vikarbyrå.   |
| Prosjektstilling,<br>årsturnus, bemanning og<br>vikarar            | - 0,7 mill. kroner        | Sak til<br>kommunestyret<br>våren 2020   |
| Rapport, gjennomgang<br>av Helse og omsorg og<br>organisasjon 2020 | - 0,5 mill. kroner        | Vedtak<br>kommunestyret<br>PS 74/19  |
|  |                           |  |
| Utval for bygdeutvikling   | - 0,5 mill. kroner        | Sak til<br>kommunestyret<br>våren 2020   |
| Meiropen kommune   | - 0,1 mill. kroner        | Sak til<br>kommunestyret<br>våren 2020   |
| Kommunestyret  | - 0,115 mill. kroner      | Stønad til kjøp av<br>digitalt verktøy<br>representantar.<br>Eingongssum ny<br>valperiode.<br>Kommunestyret og<br>kontrollutvalet (23<br>personar) |
| Etablerartilskot   | - 0,100 mill. kroner      | Auke til 25 000,- for<br>kvar  |
| Reduksjon leigesatsar<br>kommunale bygg                            | - 0,2 mill. kroner        | Målsetting: Gratis<br>leige for menneske<br>med nedsett<br>funksjonsevne,<br>seniortiltak og born<br>og unge 0 – 18 år                             |
| <b>Diverse tilskot:</b>  | -                         |  |
| Næringsselskapet   | - 50 000 kroner           | Kursmidlar til<br>næringsdrivande i<br>Vaksdal.<br>Kompetansebygging i<br>lokale bedrifter.  |
| Syngjande kommune  | - 70 000 kroner           | Driftsmidlar vidare  |
| Daledagane   | - 15 000 kroner           | Auke   |
| Vintertreffet  | - 50 000 kroner           | Ekstra i høve 20 års<br>jubileet.  |
| Vaksdal<br>internasjonale<br>kvinnegruppe                          | - 5 000 kroner            | Ny   |
|  |                           |  |
| <b>Samla:</b>  | <b>- 9,3 mill. kroner</b> |  |

**Investeringar.**

|  |                  |                  |
|--|------------------|------------------|
|  |                  |                  |
| <b>Sal av båtplassar Stanghelle</b>    | 1,0 mill. kroner |                  |
| <b>Overføring til investeringsfond</b> |                  | 1,0 mill. kroner |

**Tekstforslag:**

**Samfunnsutvikling.**

*Eventuell tilsetning einingsleiar samfunnsutvikling må sjåast i samanheng med organisasjonsgjennomgang vedteke i kommunestyret PS 74/19*

**Bonusordning for alle tilsette i pleie og omsorg, prøveordning**

*Avtale mellom Vaksdal kommune og tilsette sine organisasjonar. Kommunestyret ber om å få dette tilbake som sak innan 01.03.2020.*

**Vaksdal næringssselskap. (VNS)**

*Vert i 2020 flytta til eigna kontor på heradshuset og noverande leigeavtale for lokaler vert sagt opp.*

**Årsturnus.**

*Kommunestyret ønskjer at det vert innført årsturnus i Vaksdal kommune. Kommunestyret ber administrasjonen arbeide saman med arbeidstakarorganisasjonane med dette som mål.*

*Kommunestyret ser årsturnus som viktig for å nå målet om å byggja ein heiltidskultur."*

**Boris Groth (FRP) la fram tilleggsforslag frå FRP:**

**"-NÆRINGSPLAN:**

*-Rådmannen får i oppdrag å sette i gang ny rullering av næringsplan for Vaksdal kommune innan fyrste halvår 2020.*

**-UNGDOMSPLAN:**

*-Rådmannen får i oppdrag å sette i gang ny rullering av gjeldande ungdomsplan for Vaksdal kommune innan fyrste halvår 2020."*

**Thor Andersen (AP) la fram endringsforslag frå AP:**

**Endringsframlegg driftsbudsjett 2020**

**DRIFSTBUDSJETT 2020:**

*Ap foreslår styrking av driftsbudsjettet på følgende områder.*

|  |            |
|--|------------|
| Styrking av pleie i helse og omsorg                                      | 1,700 mill |
| Styrking av undervisningen for skolene                                   | 1,300 mill |
| Reduksjon av leiesatsene i kommunale bygg for frivillige                 |            |
| Jf. tinginga fra kommunestyret om gjennomgang                            | 0,300 mill |
| Tilpassing av åpningstidene i barnehagene /styrking                      | 0,250 mill |
| Gratis barnehageplass til barn av studenter og andre i heiltidsutdanning | 0,150 mill |
| Reduksjon av prisene i SFO   | 0,400 mill |

TIL STYRKING AV DRIFTSBUDSJETTET

4,100 mill

*Styrkingen av driftsbudsjettet finansieres gjennom gevinsten for konsesjonskraftgevinst på 12,3 mil. jf reglement for disponering av konsesjonskraftgevinsten.*

*Ber om at løyvde midler over driftsbudsjettet i 2019 øremerket til arbeid med vikarordning på 1,400 mill. blir brukt til formålet eller forskjøvet til 2020.*

#### ***Innvesterings- /kapitalbudsjett 2020***

*Ap foreslår å sette av 500.000,- til trafikkisikring Dale; Dalseidvegen, vei fra Dalevegen, Sandlivegen til Kalvakroken og Hestavollen.*

*Løyving på 500.000 til prosjektering Geitabakken inn i økonomiplanen for 2021-2024.*

*Prosjekteringsmidler løyvd for budsjettåret 2018 1.5 mil til arbeid for ny barnehage på Dale. Ber om at løyvde midler brukt til dette arbeidet i 2020.*

#### ***Ap forslag til vedtak med videreføringer av tidligere budsjettvedtak***

- 1. Vaksdal kommune skal ikke nytte seg av Arbeidsmiljølovens åpning for midlertidig ansettelse, men ansette fast.*
- 2. Ingen skal sies opp som følge av omstillinger/ nedbemanning i 2020.*
- 3. Heltidskultur. Arbeidet med heltidskultur og årsturnus skal intensiveres i 2020*
- 4. Formannskapet skal informeres om arbeidet med heltidskultur og sykefraværet i hvert møtet i 2020.*
- 5. Kommunestyret ber om en gjennomgang av utleiesatsene av kommunale bygg til lag og organisasjoner jf vedtak for 2019.*
- 6. Kommunestyret ber om en gjennomgang av betalingssetser for tjenester i helse og omsorg."*

Heidi Rongved (AP) trakk punkt 3 i forslag til vedtak med videreføringar av tidlegare budsjettvedtak, slik at rekkefølga vart endra til:

#### ***Ap sitt forslag til vedtak med videreføringer av tidligere budsjettvedtak***

- 1. Vaksdal kommune skal ikke nytte seg av Arbeidsmiljølovens åpning for midlertidig ansettelse, men ansette fast.*
- 2. Ingen skal sies opp som følge av omstillinger/ nedbemanning i 2020.*
- 3. Formannskapet skal informeres om arbeidet med heltidskultur og sykefraværet i hvert møtet i 2020.*
- 4. Kommunestyret ber om en gjennomgang av utleiesatsene av kommunale bygg til lag og organisasjoner jf vedtak for 2019.*
- 5. Kommunestyret ber om en gjennomgang av betalingssetser for tjenester i helse og omsorg.*

#### **Røysting**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart lagt til grunn og samrøystes vedteke.

Endringsframlegg frå Arbeidarpartiet vert sett opp mot endringsforslaget frå SV, SP og Høgre

Endringsforslaget frå SP,SV og Høgre fekk 5 stemmer (SP,SV, H og FRP)

Endringsforslaget frå AP fekk 2 stemmer (AP) og falt.

Det var deretter punktvis røysta over tekstforslaga til SV,SP og Høgre.

#### **Samfunnsutvikling.**

Vart samrøystes vedteke

### **Bonusordning for alle tilsette i pleie og omsorg, prøveordning.**

Vart samrøystes vedteke

### **Vaksdal næringssselskap (VNS)**

Vart samrøystes vedteke

### **Årsturnus**

Vart samrøystes vedteke

Det vart deretter punktvis røysta over AP sitt forslag til vedtak med vidareføringar av tidlegare budsjettvedtak.

### **Punkt 1 - Fast tilsetjing**

Vart vedteke med 4 (AP, SP og SV) mot 3 stemmer (H og FRP)

### **Punkt 2 - Krav ved omstillingar/nedbemanning**

Vart vedteke med 4 (AP, SP og SV) mot 3 stemmer (H og FRP)

### **Punkt 3 - Informasjon om heiltidskultur og sjukefråvær**

Vart samrøystes vedteke

### **Punkt 4 - Gjennomgang utleiesatsar**

Vart samrøystes vedteke

### **Punkt 5 - Gjennomgang betalingsatsar**

Vart samrøystes vedteke

Til slutt vart det røysta over Boris Groth (FRP) sitt tilleggsforslag om næringsplan og ungdomsplan. Tilleggsforslaget vart vedteke med 5 (FRP, H, SV og SP) mot 2 (AP) stemmer.

## **FPØ - Tilråding/Vedtak:**

1. Kommunestyret godkjenner årsbudsjett 2020 for Vaksdal kommune slik det ligg føre med spesifikasjon av drifts- og investeringsbudsjett. Rådmannen får fullmakt til å fordele nettoramma innafør tenesteområda, og kan gjere budsjettendringar innafør områda som ein del av den løpande drifta som ikkje er av prinsipiell karakter.
2. Skatt på inntekt og formue vert skriven ut etter dei til kvar tid gjeldande reglar.
3. I medhald av eigedomsskattelova § 2 og §3a vert det skrive ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen i 2020. Alminneleg eigedomsskattesats vert sett til 7 promille i 2020 med unntak av eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar som vert sett til 3,2 promille. For kraftanlegg vert § 8B i eigedomsskattelova lagt til grunn. For eigedom eigd av stiftingar og institusjonar med allmennyttig formål, som er ført opp på eigedomsskattekontoret si liste av 26.02.2010, vert det i medhald av § 7a gjeve fritak for eigedomsskatt. Fritak vert gjeve i 10 år for nye bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære jf §7c. Eigedomsskatten for 2019 forfell til betaling i 4 terminer saman med kommunaleavgifter.
4. Kommunestyret godkjenner ei investeringsramme på kr 144.000.000,-. Rådmann får fullmakt til å oppta nye lån innafør ei total låneramme på kr 100.110.000,-. I tillegg får rådmann fullmakt til låneopptak i Husbanken av kr 2.000.000,- til vidare utlån av formidlingslån. Alle lån i kommunen sin låneportefølje kan refinansierast i budsjettåret 2020. Rådmannen har i samsvar med finansreglementet fullmakt til å godkjenne mogeleg refinansiering av låna og lånevilkåra.
5. Rådmann får fullmakt til å redigere, rette feil og innarbeide kommunestyret sine vedtekne framlegg. Ajourført budsjettokument vert lagt fram for Formannskapet.
6. Gebyr og betalingsatsar etter «Vedlegg – betalingsatsar 2020» vert godkjent. Nye betalingsatsar og avgifter vert gjort gjeldande frå 01.01.2020, med mindre lov eller forskrift set andre fristar.

7. Lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming vert vedtatt med heimel i plan- og bygningslova § 33-1, matrikkelova § 32, eigarseksjonslova §§ 7, 14 og 15, ureiningslova § 52a, hamne og farvasslova §§ 6 og 25 samt forvaltningslova § 27a jf forskrift om gebyr for handsaming av konsesjonssaker. Forskrifta ligg som vedlegg til Årsbudsjett 2020 og vert å kunnjere lokalt.

8. Feie- og tilsynsgebyr for 2020 vert fastsett med heimel i lov av 14.juni 2002 nr. 20 om Brannvern, § 28.

9. Vass- og avlaupsgebyr for 2020 vert fastsett med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg (§3), Forskrift om begrensning av forureining (§16) og Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Vaksdal kommune.

10. Slamtømmegebyr for 2020 vert vedteke i medhald av Forureiningslova §26.

11. Fastsetjing av eigenandeler for 2020 for kommunale helse og omsorgstenester i og utanfor institusjon vert fastsett i samsvar med Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester. Rådmannen får fullmakt til å gjera unntak frå satsane når særlege tilhøve gjer seg gjeldande.

#### Vedteke endringsforslag for budsjett for Vaksdal kommune 2020:

|  |                         |  |
|--|-------------------------|--|
| <b>Inntekter</b>   |                         |  |
| Bruk av disposisjonsfond   | 2,2 mill. kroner        | 1,9 mill. til drift, 0,3 mill. auka rentekostnader investeringar.        |
| Avkastning aksjar/obligasjonar                                     | 1,0 mill. kroner        |  |
| Driftsfinansierte investeringar/ disposisjonsfond                  | 5,2 mill. kroner        | Reduksjon frå 10,2 mill. til 5,0 mill. kroner                            |
| Reduksjon vikarbyrå  | 0,5 mill. kroner        | Bruk hittil i 2019 3,6 mill. kroner                                      |
| Reduksjon fellesområde økonomi                                     | 0,4 mill. kroner        |  |
| <b>Samla:</b>  | <b>9,3 mill. kroner</b> |  |
| <b>Utgifter/endra ramme</b>  | <b>Drift</b>            |  |
| Oppvekst   | - 2,2 mill. kroner      | Lønns og prisvekst 2019-2020 på 3.1 % + 0,7 mill. kroner. (Ein stilling) |
| Miljøarbeidar auka stilling (Born og unge)                         | - 0,3 mill. kroner      | Frå 50 % til 100 % stilling  |
| Helsestasjon   | - 0,7 mill. kroner      | Ny 100 % stilling – styrka skulehelsetenesta                             |
| NAV  | - 0,2 mill. kroner      | Barnetrygd ikkje del av berekningsgrunnlag sosialhjelp                   |
| <b>Pleie og omsorg</b>   |                         |  |
| Auka ramme, styrka heimeteneste, styrka ergoterapi/rehabilitering. | - 3 mill. kroner        |  |



|  |                           |  |
|--|---------------------------|--|
| Styrka   |                           |  |
| Kjøkkenmedarbeidar Vaksdal sjukeheim                           | - 0,3 mill. kroner        | Auke frå 50 % til 100 % stilling frå 01.01.2020  |
| Bonusordning for alle tilsette i pleie og omsorg, prøveordning | - 0,2 mill. kroner        | Prøveordning 01.06.20 – 01.09.20<br>Reduksjon bruk av private vikarbyrå.   |
| Prosjektstilling, årsturnus, bemanning og vikarar              | - 0,7 mill. kroner        | Sak til kommunestyret våren 2020   |
| Rapport, gjennomgang av Helse og omsorg og organisasjon 2020   | - 0,5 mill. kroner        | Vedtak kommunestyret PS 74/19  |
|  |                           |  |
| Utval for bygdeutvikling                                       | - 0,5 mill. kroner        | Sak til kommunestyret våren 2020   |
| Meiropen kommune   | - 0,1 mill. kroner        | Sak til kommunestyret våren 2020   |
| Kommunestyret  | - 0,115 mill. kroner      | Stønad til kjøp av digitalt verkty representantar. Eingongssum ny valperiode. Kommunestyret og kontrollutvalet (23 personar) |
| Etablerartilskot   | - 0,100 mill. kroner      | Auke til 25 000,- for kvar   |
| Reduksjon leigesatsar kommunale bygg                           | - 0,2 mill. kroner        | Målsetting: Gratis leige for menneske med nedsett funksjonsevne, seniortiltak og born og unge 0 – 18 år                      |
| <b>Diverse tilskot:</b>  | -                         |  |
| Næringssselskapet  | - 50 000 kroner           | Kursmidlar til næringsdrivande i Vaksdal. Kompetansebygging i lokale bedrifter.  |
| Syngjande kommune  | - 70 000 kroner           | Driftsmidlar vidare  |
| Daledagane   | - 15 000 kroner           | Auke   |
| Vintertreffet  | - 50 000 kroner           | Ekstra i høve 20 års jubileet.   |
| Vaksdal internasjonale kvinnegruppe                            | - 5 000 kroner            | Ny   |
|  |                           |  |
| <b>Samla:</b>  | <b>- 9,3 mill. kroner</b> |  |

#### Investeringar.

|                                     |                  |                  |
|-------------------------------------|------------------|------------------|
|                                     |                  |                  |
| <b>Sal av båtplassar Stanghelle</b> | 1,0 mill. kroner |                  |
| <b>Overføring til</b>               |                  | 1,0 mill. kroner |

**Tekstforslag:****Samfunnsutvikling.**

Eventuell tilsetning einingsleiar samfunnsutvikling må sjåast i samheng med organisasjonsgjennomgang vedteke i kommunestyret PS 74/19

**Bonusordning for alle tilsette i pleie og omsorg, prøveordning**

Avtale mellom Vaksdal kommune og tilsette sine organisasjonar. Kommunestyret ber om å få dette tilbake som sak innan 01.03.2020.

**Vaksdal næringssselskap. (VNS)**

Vert i 2020 flytta til eigna kontor på heradshuset og noverande leigeavtale for lokaler vert sagt opp.

**Årsturnus.**

Kommunestyret ønskjer at det vert innført årsturnus i Vaksdal kommune. Kommunestyret ber administrasjonen arbeide saman med arbeidstakarorganisasjonane med dette som mål.

Kommunestyret ser årsturnus som viktig for å nå målet om å byggja ein heiltidskultur.

**Videreføringar av tidlegare budsjettvedtak:**

1. Vaksdal kommune skal ikke nytte seg av Arbeidsmiljølovens åpning for midlertidig ansettelse, men ansette fast.
2. Ingen skal sies opp som følge av omstillinger/ nedbemanning i 2020.
3. Formannskapet skal informeres om arbeidet med heltidskultur og sykefraværet i hvert møtet i 2020.
4. Kommunestyret ber om en gjennomgang av utleiesatsene av kommunale bygg til lag og organisasjoner jf vedtak for 2019.
5. Kommunestyret ber om en gjennomgang av betalingssetter for tjenester i helse og omsorg.

**Administrasjonsutvalet - Sak 12/2019****ADM - Behandling:**

Formannskap/plan- og økonomiutval si tilråding til budsjett 2020 vart lagt fram for uttale.

Magne Hestad (AP) ønskjer at administrasjonsutvalet vert orientert om rapportar vedkomande vikarbruk m.m. på same måte som formannskapet vil bli orientert i 2020, jamfør punkt 3 i avsnittet: "Vidareføringar av tidlegare budsjettvedtak".

Magne Hestad (AP) sitt forslag vart samrøystes vedteke og Administrasjonsutvalet ønskjer å legge fram for kommunestyret at punkt 3 vert endra til:

"Formannskapet **og administrasjonsutvalet** skal informeres om arbeidet med heltidskultur og sykefraværet i hvert møte i 2020".

### **ADM - Tilråding/Vedtak:**

Administrasjonsutvalet ønsker at punkt 3 i avsnittet: "Videreføringar av tidlegare budsjettvedtak" vert endra til:

"Formannskapet **og administrasjonsutvalet** skal informeres om arbeidet med heltidskultur og sykefraværet i hvert møte i 2020".

Formannskapet si tilråding til budsjett 2020 vert teke til orientering.

### **Eldrerådet - Sak 28/2019**

#### **ELD - Behandling:**

#### **ELD - Tilråding/Vedtak:**

Eldrerådet tek Formannskapet si innstilling til budsjett til orientering. Eldrerådet ser med bekymring på manglande vedlikehold i Sveabrekko og på at pleiefaktor på institusjon ikkje er auka.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - Sak 20/2019**

#### **RFF - Behandling:**

#### **RFF - Tilråding/Vedtak:**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne tek Formannskapet sitt budsjettvedtak for 2020 til orientering.

#### **Saksopplysningar:**

##### **Bakgrunn for saka**

Budsjett 2020 vert lagt fram i samsvar med Kommunelova §46 og «Forskrift om årsbudsjett (for kommuner og fylkeskommuner)» og Ny kommunelov §14.

Ved utarbeiding av Budsjett 2020 er det lagt til grunn: ·

- Statsbudsjettet for 2020 (rammer/føringar)
- Handlingsprogram og økonomiplan for 2020 -2023
- Andre politiske vedtak/føringar
- Rekneskap
- KOSTRA-tal
- Kommunebarmeteret
- Andre saker

Budsjettet vart presentert for kommunestyret 04.11.2019 og er gjennomgått nærare i

budsjettseminar for formannskap-plan og økonomiutval 11.og 12.november 2019.

Budsjettframlegget bygger på ei vurdering av inntekter og kostnader for kommunen ut frå framlegg til statsbudsjett for 2020, samt egne inntekter frå eigedomsskatt, frå vasskraft og andre inntekter. Eventuelle endringar når Statsbudsjettet er vedtatt vert å legge fram i samband med 1.tertial 2020.

Finansiering av investeringsbudsjett er synleggjort gjennom låneopptak, overføring frå drift og mvakompensasjon. Renter og avdrag knytt til eksisterande og nye låneopptak er tatt inn i driftsbudsjettet.

Budsjettskjema er sett opp i samsvar med forskrifta. Skjema som ligg ved i budsjettdokumentet er i samsvar med «Forskrift om årsbudsjett (for kommuner og fylkeskommuner)».

Betalingsatsar og gebyrregulativ er lagt ved dokumentet.

Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett er innarbeidd i Årsbudsjett 2020 og er lagt ved saka.

Kyrkjeleg Fellesråd sin søknad om løyving for 2020 ligg ved. Tilskot i 2020 er vidareført på same nivå som tidlegare i samsvar med økonomiplanen.

Budsjettframlegg frå Voss Legevakt er lagt ved saka.

#### Eigedomsskatt

Det pågår ny alminneleg taksering av alle eigedomar som skal oppdatere skattetakstar for utskriving av eigedomsskatt for 2020. Slik taksering vert gjennomført kvart tiande år. Det samla skattegrunnlaget er dermed ikkje heilt avklart og vert først endeleg i februar 2020.

I samsvar med endringar i eigedomsskattelova frå 2020 er det innført ein fast reduksjonsfaktor på 30% for alle bustad og fritidseigedomar. For nokon eigedomar vil taksten auke, og for andre vil den gå ned. I 2019 er promillesatsen 5,5. Makssats etter lova er sett ned til 5 promille i 2020 og til 4 promille frå 2021. Førebelse berekingar anslår ein promillesats på 3,2 for å oppretthalde inntektsnivået frå kommunal eigedomsskatt. Kommunestyret har høve til å justere promillen med nytt vedtak innan utskrivingsfristen 1.mars om dette vert naudsynt i forhold til budsjettet. Rådmann rår til å setje skattesatsen til 3,2 promille for 2020.